

Fra: Hans Kristian Dolmen
Sendt: 18. juli 2014 10:18
Til: magnar@tyark.no
Kopi: Tore Jensen (tore.jensen@opus.no); Anny Bastesen; Kvam Unn Jenny Utne
Emne: Regplan Mjåtveitmarka - Kryss til hovudveg
Vedlegg: 001 Sit plan Kryss Mjåtveitmarka.pdf; Utbedring av vegkrysset fv 564 II.pdf; Utbetring av krysset fv 564.pdf

Hei

Meland kommune har motteke søknad om rammeløyve for delområde B16 i Mjåtveitmarka.

Etter konkurransen i Walde har Meland kommunen i samtlige møter med adv Hope, representanter for RYGIR og seinare OPUS v/Tore Jensen formidla og understreka viktigheten av at krysset ut til hovedvegen fra planområdet blir utbedret. Me har og formidla at det vil vere uaktuelt å godkjenne nye byggeprosjekt før dette rekkjefølgjekravet er i gjennomført og av ein slik utforming og kvalitet at det er trafikksikkert.

Me har vidare vist til at eit kryss som skal handtere ein stor mengde trafikk treng ei utforming i tråd med Statens vegvesen sine føringar og at ein byggteknisk plan for krysset vert lagt fram for SVV og skriftleg godkjent FØR den vert omsøkt for gjennomføring i Meland kommune.

I dei dokumenta me har motteke kring rammeløyve for delområde B16 finn me ingen slik dokumentasjon. Skissa av krysset (vedlagt) har etter vår oppfatning er ikkje av ein teknisk fullnøyande karakter, og eier lite om kva som skal skje. Det er heller ikkje synleg nokon avtale om gjennomføring mellom tiltakshavar og SVV. Legg på nytt ved skriv frå SVV. Krysset inn til Mjåtveit Næringspark er det næraste dømet på korleis krysset mest sannsynlig skal utformast.

Føresegna om rekkjefølgje seier at krava skal vere oppfylt før nye bustadar vert teken i bruk. Kravet har tidlegare vore utsett då dispensasjon har vore godkjent, men av opplagte grunnar er det ikkje aktuelt no.

Mvh
Hans Kristian Dolmen
Arealplanleggjar
Meland kommune
56 17 10 00